

Til:

Arve A Haugland
Johannes Fjermestad
Linnea Håland
Martin R Hodne
Martin V Bjorland
Oskar Vigre
Pia Flåten
Serina Pollestad
Thomas Torland

Dykkar ref.

Vår ref.

18/29176 TRHE

Arkivkode

035 A20

Dato

11.09.2018

Referat elevråd 06.09.18

Dato: 06.september 2018

Stad: Bø skule

Forfall: Oskar

Saker:

01/ 17-18: Velkommen og diverse informasjon om elevrådet: Ina forklarte korleis vi arbeider i elevrådet.

02/ 17-18: Val av leiar og nestleiar av elevrådet:

-Leiar: Johannes Fjermestad 7. trinn

-Nestleiar: Oskar Vigre 6. trinn

03/ 17-18: Val av medlem til SMU møte:

I tillegg til leiar og nestleiar møter to elevar i elevrådet.

Desse er: Linnea Håland 5. trinn og Serina Pollestad 6. trinn

04/ 17/ 18: Fordelinga av banene:

Vi må få til ei best mogleg fordeling av tid på fotballbanen og ballbingen. Høyr med trinnet:

-Kva dei liker å spele?

-Kva baner bruker dei helst då?

-Kor mange på trinnet er med på dette.

-Er det tider då det ikkje passar å ha banane(pga Kvia, symjing, mat og helse eller anna)?

Nytt baneoppsett kjem når vi har gjord denne jobben. Vi skal få hengt opp laminerte oppsett ute ved banane. Nokre representantar fortel om ein del krangel på kva aktivitet trinnet skal ha på banen (fotball/ slåball eller fotball/ basket). Her kan trinnet bestemme dette, ha ein fast plan på det. Trinn kan og oppleve at andre trinn prøver å lure frå dei banen når det er dei som har den. Det er sjølvsagt heller ikkje fint. Vi satsar på at nye oppsett med god fordeling skapar god stemning og aktivitet!

05/ 18/ 19: Søke om å få fleire ballar frå FAU:

Vi har tidlegare fått fotballar til kvart trinn. Desse er det viktig at de passar godt på. Skriv på trinn på ballen når det byrjar å slitast av.

Vi vil søke om å få fleire ballar, ein blackball og ein basketball til kvart trinn. Johannes og Oskar er med på å skrive søknaden.

06/ 18/ 19: Steingarden rundt skulen.

Den er ikkje ein del av skulen sin eigedom. Steinane kan velte, og ein kan skade seg. Derfor skal den ikkje klatrast på. Det gjeld og trea som står i steingarden. Det har vore plukka ned stein frå steingarden, dei er nå lagde på plass. 5. trinn gjorde ein stor og god jobb og innsats med dette. La steinane liggje og steingarden vere. Dei som vil klatra kan gjere det i alle dei gilde klatrestativa vi har.

07/ 18/ 19: Eventuelt: det var ikkje saker frå trinna i dag.

Ina E. B. Vigre
Kontaktlærer for elevrådet

Med helsing
Hå kommune

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur